

Stiftinga
Ole Bull Akademiet

ÅRSMELDING

2024

OSAFESTIVALEN

FØREMÅLET TIL OLE BULL AKADEMIET ER:

- ◆ *å formidle kunnskap om og å gje opplæring og utdanning i norsk folkemusikk og folkedans til studentar på høgskule- og universitetsnivå*
- ◆ *i samarbeid med Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, å gje utdanning på universitetsnivå til folkemusikkutøvarar*
- ◆ *å vere ein møtestad mellom norsk folkemusikk og andre musikkgenrar*
- ◆ *å formidle kunnskap om norsk folkemusikk til interesserte frå andre land. Gjennom gransking, publisering og studentutveksling vil Ole Bull Akademiet gjere sitt til å auke kunnskapen om norsk folkemusikk og folkedans*
- ◆ *å vere ein aktiv aktør i nordiske og andre internasjonale fagfora som fremjar utdanning i og kunnskap om norsk folkemusikk.*

OPPSUMMERING AV DRIFTSÅRET 2024

2024 har vore eit utfordrande driftsår reint økonomisk. Talet på vekekurs syner ein liten auke samanlikna med driftsåra 2023.

Rekrutteringa til studia held fram med den gledelege oppgangen vi har registrert dei siste åra. I 2024 var det 13 studentar på bachelor og 2 studentar på det ordinære masterstudiet ved Griegakademiet. Nivået på studentgruppa er svært høg, og dei har utmerka seg på ei rekkje konsertar gjennom året, mellom anna med konsert i Voss sparebank under Osafestivalen. Studentane har også skipa sitt eige spelemannslag; Strengjarhaugen spelemannslag, som fekk gode plasseringar både på Landskappleiken og på Landsfestivalen.

Osafestivalen 2024 vart endå ein gong ein suksess. Festivalen har no etablert seg som ein av dei mest sentrale folkemusikkfestivalane i landet, og får stor merksemd både lokalt, regionalt og nasjonalt. Programmet inneheldt 50 større og mindre arrangement – konsertar, seminar, ulike kurs og opplevingar for publikum i alle aldrar.

Hardingfela.no arrangerte UngOsa for 9. gong under Osafestivalen og hadde ein solid deltakarrekord med 104 deltakrar. Kurset er av dei største i sitt slag i Noreg og det største på Vestlandet. I juli arrangerte hardingfela.no 200 konsertar på dei ulike avdelingane til Hardanger og Voss museum, og akti-

viteten innan folkedansopplæring var stor. Rannveig Djønnne valde i 2024 å slutte som dagleg leiar, og Vegard Hansen vart tilsett i hennar stilling.

Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet held fram med å vekke stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt. Verkstaden har god ordretilgang på reparasjonar, og bygger også 2-3 nye hardingfeler i året. Dei siste åra har også felemakarverkstaden hatt samarbeid med Ringve museum, og verkstaden utfører årleg vedlikehald og tilsyn på Dextra Musica si historiske hardingfelesamling.

For eigedomsselskapet Kringsjå AS har det vore endå eit år som har vore prega av verknadane av prisauken i samfunnet. Dei store investeringane som vart gjort på oppgradering av varme og ventilasjon i 2022 syner også att på høge kapitalkostnader. Samstundes kan ein sjå at anlegget som vart sett i gang i februar 2023, har resultert i ein stor og positiv reduksjon i straumforbruket.

Alle tre selskapa, Stiftelsen Ole Bull Akademiet, Kringsjå AS og Osafestivalen AS er sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrifter, og sertifiseringa har gjeve eit styrka miljøfokus både på systemnivå og i kvardagen til kvar enkelt medarbeidar i Ole Bull Akademiet, Kringsjå AS og Osafestivalen AS.

ØKONOMI

Ole Bull Akademiet fekk i meldingsåret statlege, fylkeskom-
munale og kommunale midlar til drifta.

Tilskot frå stat, fylke og kommunar:	2023	2024
Kulturdepartementet	6 733 000	6 990 000
Kunnskapsdepartementet – UiB	2 795 000	2 937 000
Studiepoengmidlar – UiB	127 000	133 000
Hordaland fylkeskommune	325 000	336 000
Voss kommune	125 000	125 000
I alt	10 105 000	10 521 000

Rekneskapen for 2024 syner eit overskot på **kr. 289 287,-**.
Gjennom god økonomistyring har ein nådd eit resultat som i
2024 hamnar på plussida. Risikoen for at Ole Bull Akademiet
ville få eit underskot også i 2024 vart varsla tidleg både til
Kultur- og likestillingsdepartementet, og til Vestland Fylkes-
kommune. Sjølv om dette heldigvis ikkje vart ein realitet, er
dei økonomiske utsiktene framleis svært usikre.

Aksjar

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig alle aksjane i eigedoms- og
driftsselskapet Kringsjå AS, og alle aksjane i Osafestivalen AS.

STYRET

Terje Støve, leiar (FolkOrg – organisasjon for folkemusikk
og folkedans)

Iril Schau Johansen, nestleiar (Voss herad)

Tonje Såkvitne, styremedlem (Voss herad)

Frøde Thorsen, styremedlem (Universitetet i Bergen)

Magne Espeland, styremedlem (høgskular/universitet)

Håkon Asheim, styremedlem (representant for dei tilsette)

Jo Asgeir Lie har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Fond

Styret forvaltar desse fonda:	31.12.2023	31.12.2024
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	kr 128 158	kr 107.744
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	kr 39 292	kr. 40.510
Liv og Knut Klemmetsens fond	kr 12 744	kr. 13.139

All kapital er i Voss Sparebank. Osaprisen vart delt ut i 2024,
og prispengane, kr 20 000 + reise og opphald vart løyvd
frå Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond. Prisen vart gjeven til
Annbjørg Lien. Det har ikkje blitt delt ut midlar korkje frå
Gudrun og Sigurd Haaheims fond eller frå Liv og Knut Klem-
metsens fond i 2024.

Det har i meldingsåret vore årsmøte og sju styremøte med 31
saker til handsaming. Arbeidsutvalet, representert ved Terje
Støve, Håkon Asheim og Jo Asgeir Lie, har hatt møte i forkant
av kvart styremøte, og førebudd sakene. Utvalet har i tillegg
hatt jamleg kontakt gjennom året og drøfta ulike sider ved
den daglege drifta.

PERSONALE

Ole Bull Akademiet hadde i meldingsåret 14 personar med fast arbeidstilhøve til institusjonen, og som til saman utfører 9,37 årsverk. Halve stillinga til driftsleiar blir selt til Kringsjå AS.

Jo Asgeir Lie, rektor/førsteamanuensis	100 %
Håkon Asheim, studieleiar/førsteamanuensis	100 %
Arne Anderdal, høgskulelektor	100 %
Ida Dyrkorn Heierland, festivalleiar, Osafestivalen	100 %
Vegar Vårdal, førsteamanuensis	20 %
Elisabeth Vannebo, høgskulelektor	17 %
Tom Willy Rustad, førsteamanuensis	10 %
Sissel Lie, konsulent	80 %
Per Pettersson, driftsleiar/hussjef (25 % Kringsjå AS)	25 %
Waldemar Szary, vaktmeister (25 % Kringsjå AS)	25 %
Rannveig Dønne, dagleg leiar Hardingfela.no (til 31.08.24)	100 %
Samarbeid med Hardanger og Voss museum	
Vegard Hansen, leiar Hardingfela.no (frå 01.09.24)	100 %
Samarbeid med Hardanger og Voss museum	
Wiebke Lüders, instrumentkonservator/ hardingfelemakar	70 %
Lukas Pawelka, instrumentmakar	50 %
Magni Rosvold, fagkonsulent dans i Hardingfela.no Samarbeid med Hardanger og Voss museum (i fødselspermisjon frå 01.10.24)	100 %
Siri Nordgård, fagkonsulent Hardingfela.no (vikariat frå 01.11.24)	
Samarbeid med Hardanger og Voss museum	40 %

Jo Asgeir Lie er rektor og førsteamanuensis, og har ansvar for den daglege leiinga og drifta av institusjonen, saksførebuing og sekretærfunksjonen for styret, søknader om offentlege løyvingar og midlar til ulike prosjekt. Rektor har ansvar for det faglege og pedagogiske arbeidet og skal, i samarbeid med dei fagleg tilsette, lage fagplanar for studia og planar for kursverksemda. Rektor har i meldingsåret også gitt undervisning både på kursa og studia.

Håkon Asheim er studieleiar og førsteamanuensis. Han er praktisk, pedagogisk og kunstnarleg leiar av studietilboda OBA har i samarbeid med UiB: Tradisjonsmusikk I og II (bachelorgradsstudium), mastergradsstudiet (Nordic Master) i samarbeid med 3 andre nordiske høgskular, og tradisjonsmusikk-delen av masterstudiet ved Griegakademiet/UiB. Han har ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring av studia, og skal i nært samarbeid med rektor, fagrådet ved OBA og fagleg/administrativ leiing ved Fakultet for kunst, musikk og design syte for fagleg og økonomisk styring av samlingane og studiet elles. Asheim har også undervisningsplikt, og han er ansvarleg for fagseminaret i samband med Osafestivalen.

Vegar Vårdal er tilsett som førsteamanuensis i 20 % stilling, med undervisningsplikt på studiet i tradisjonsmusikk.

Tom Willy Rustad er tilsett som førsteamanuensis i 10 % stilling. I denne stillinga ligg undervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Arne Anderdal er tilsett som høgskulelektor/arkivar i 100 % stilling. Til stillinga høyrer kursadministrasjon, med hovudarbeidsområde å planleggje, organisere og gjennomføre kursverksemda ved Ole Bull Akademiet. I tillegg ligg bibliotek- og lydarkivarteneste, undervisningsplikt/kursleiing og ansvar for data- og anna teknisk utstyr inn i stillinga hans.

Elisabeth Vannebo er tilsett som høgskulelektor i 17 % stilling. I denne stillinga ligg teoriundervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Rannveig Dønne var fram til 31.08. tilsett i 100 % stilling som dagleg leiar for Hardingfela.no. Hardingfela.no er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum om ei brei satsing på hardingfela – musikken, instrumentet, dansen og miljøet. Vegard Hansen tok frå 01.09. over stillinga som leiar for Hardingfela.no.

Magni Rosvold er tilsett som fagkonsulent- dans i 100% stilling i hardingfela.no. Ho jobbar mellom anna med å skape gode samarbeid med lokallag og kulturskular om satsingar innan folkedans, og samarbeider med Senter for folkemusikk og folkedans om ulike forskingsprosjekt. Ho har òg ei sentral rolle i administrasjon og gjennomføring av UngOsa. Frå oktober 2024 er ho i svangerskapspermisjon. Siri Nordgård er tilsett i ei 40% vikariatstilling, og hadde hovudansvaret for gjennomføringa av UngOsa i 2024.

Ida Dyrkorn Heierland er tilsett som festivalleiar for Osa-festivalen i 100 % stilling. Til stillinga ligg ansvaret for planlegging og gjennomføring av festivalen, i tillegg til drift og planlegging av Osascena på Voss.

Sissel Lie er konsulent i 80% stilling. Ho har ansvar for det merkantile arbeidet ved Ole Bull Akademiet. I stillinga ligg vertsfunksjon, resepsjonsteneste og praktisk tilrettelegging av kursopphalda. Til stillinga ligg også den merkantile delen av kursadministrasjonen, m.a. fakturering til skular og institusjonar. I tillegg har ho det daglege ansvaret for butikken til Kringsjå AS. Ho er også sekretær for, og medlem i styret for Osafestivalen.

Per Pettersson er tilsett som driftsleiar og hussjef, og har 25 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 25 % i Kringsjå AS. Han er ansvarleg for vaktmeistertenester, avtale med cateringsselskapet "Tre Kokker Voss" og vakt- og vaskelister for eigedomen.

Waldemar Szary er tilsett som vaktmeister i 25 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 25 % i Kringsjå AS.

Wiebke Lüders er tilsett som instrumentkonservator og hardingfelemakar i 70 % stilling. Til stillinga er det knytt undervisningsoppgåver på hardingfelemakarstudiet, i tillegg til reparasjonar og nybygg av hardingfeler.

Lukas Pawelka er tilsett som hardingfelemakar i 50 % stilling.

I tillegg til dei fast tilsette har ein i stor grad nytta gjesteforelesarar i undervisninga. Dette er i tråd med tanken om at flest mogeleg av dei lokale og regionale musikk- og dansetradisjonane i landet skal presenterast på institusjonen gjennom studieåret. Denne driftsmodellen gjev arbeid til svært mange folkemusikarar, som baserer mykje av inntekta si på våre konsert- og undervisningstilbod. Ole Bull Akademiet er ein av dei største arbeidsgjevarane til norske frilansmusikarar innan folkemusikk og folkedans.

VEKESKURS

Det har vore halde 22 kurs/seminar for i alt 19 institusjonar/ studentgrupper, med til saman 648 studentar og 37 lærarar frå institusjonane. Dette gjev eit studenttal i snitt på 29,45 per kurs.

Kursa i veke 6 og 36 for Universitetet i Agder og veke 39 Ansgar Høyskole blei haldne i Valle. Kurset i veke 8 for Barratt Due blei halde i Oslo. Kursa i veke 26 Voss Gymnas, veke 37 Åsane fhs og veke 40 Kongshaug vgs var dagskurs eller todagarskurs utan overnatting.

Kursleiarar

Desse har vore kursleiarar (tal på kurs dei har vore kursleiar for står i parantes):

Arne Anderdal (5), Eli Storbekken (2), John Ole Morken (1), Johanne Mjøs (2), Lajla Renate Buer Storli (3), Ingrid Standal Sørheim (2), Sigrid Stubbsveen (2), Terje Foshaug (1)

VEKE	STUDENTAR	LÆRARAR	INSTITUSJON
3	39	3	Ski videregående skole
5	21	1	OsloMet
5	9	1	Høgskulen på Vestlandet
6	14		Universitetet i Oslo
6	15		Universitetet i Agder
8	28		NLA Staffeldtsgate
8	13		Barratt Due
8	19	1	Universitetet i Tromsø
10	39		Griegakademiet
11	58	2	Edvard Munch videregående skole
26	35		Voss Gymnas
36	38	1	Universitetet i Stavanger
36	27	1	Universitetet i Agder
37	11	2	NLA Høgskolen Bergen
37	13	5	Høgskolen på Vestlandet
37	75	7	Åsane Folkehøgskule
38	25	1	Høgskulen i Volda
39	33	1	Ansgar Høyskole
40	11	1	Universitetet i Oslo
40	30	1	Kongshaug videregående skole
41	62	8	Foss videregående skole
42	33	1	NTNU
Sum	648	37	



Elevar frå Edvard Munch vidaregående i Oslo spelar på kveldssete på vekeskurs. Foto: Arne Anderdal

Lærarar

Førelasarar/instruktørar/konsert

Arne Anderdal, Alexander Aga Røystrand, Martin Myhr, Johanne Mjøs, Hans Martin Austestad, Håkon Asheim, Kristian Wolski, Emma Elliane Oskal Valkeapää, Jo Asgeir Lie, Eilif Gundersen, Heidi Kvelvane, Anja Savic Røed, Astri Sudmann, Kirsten Bråten Berg, Anne Beate Guldahl, Stina Brandin, Knut Hamre, Anita Solheim Bråvoll, Eli Storbekken, Irene Tillung, John Ole Morken, Lars F. Smaaberg, Steinar Ofsdal, Tuva Færden, Ingrid Standal Sørheim, Kari Finne Sognnæs, Steinar Odde, Sigrid Moldestad, Andrea Søgne, Carl Petter

Opsahl, Terje Foshaug, Sigrid Randers-Pehrson, Tone Ingvaldsen, Jo Einar Jansen, Ragnhild Furebotten, Eli-Anne K. G. Eira, Øistein Hanssen, Nikolai Åystö, Sigrid Stubbsveen, Hans Christian Dalgaard, Trygve Liahagen, Robin Morken, Semon Harerusten, Sigurd Brokke, Harald Knutsen, Maija Lindaaas, Elisabeth Ellingsen, Torkjell Lunde Børsheim, Camilla Granlien, Gaute Moen, Are August Flannagan Furubotn, Astrid Garmo, Birger Misteregg, Ånund Meberg Myhren, Ingebjørg L Reinholdt, Bendik Smedåsgjelten Qvam, Hans Christian Dalgaard, Ole Nilssen, Svein Kjerland, Kristoffer Kleiveland, Sigrid Stubbsveen, Symre Taugbøl Bang.

STUDIUM I TRADISJONSMUSIKK/FOLKEMUSIKK

Den positive og stabile situasjonen dei siste åra var minst like god i 2024: relativt høge søkjartal, og høgt nivå på søkjarene til studiet i utøvande tradisjonsmusikk. Ved utgangen av året hadde vi eit studenttal på 15 (inkl. master), eit tal som er det høgaste nokon gong og som vart nådd først i 2023. Studentane utmerka seg på mange konsertar og i andre samanhengar gjennom året, både som solistar, i studentlaget Strengjarhaugen spelemannslag og i andre konstallasjonar.

Bachelorstudiet i tradisjonsmusikk

Tradisjonsmusikk er ei av fire studieretningar innafor Bachelorprogram i utøvande musikk/komposisjon ved Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen. Studiet hadde 9 vekessamlingar på OBA gjennom året.

Dei siste to åra har det vore obligatorisk også for søkjarar til tradisjonsmusikk å avleggje same opptaksprøva i teori og gehør som ved andre utøvande musikkutdanningar. Tidleg på året arrangerte difor OBA eit førebuande online-kurs for søkjarane, som Håkon Asheim gjennomførte med 4 deltakarar. Dette vil vere eit fast tilbod dei komande åra, sidan mange av våre søkjarar har mindre teoretisk bakgrunn enn dei frå andre sjantrar.

Studentar vidare frå 2024:

Iselin Aukrust (fele/vokal), Semon Harerusten (gitar/mandolin), Ivar Blekastad Haugen (trekkspel), Robin Morken (fele), Solveig Eide Grønningsæter (fele), Emma Sandseter-Selen (trekkspel), Ane Stakston Aasen (fele), Thor Sture Hauknes (trekkspel), Ånund Myhren (munnharpe), Siri Nordgård (toradar), Steinar Odde (gitar/trekkspel), Ragna Valde Sletten (fele), Ingrid Lingaas Fossum (langeleik/vokal), Vegard Hansen (toradar/trekkspel)

Nye studentar hausten 2023:

Synne Kjøk (fele), Silja Lid Stryse (toradar)

To studentar, Ingrid Lingaas Fossum og Vegard Hansen, tok avsluttande bacheloreksamen i juni.

I vårsemesteret fekk vi ein student på utveksling frå Royal

Conservatoire of Scotland, Rachel Harrower på skotsk harpe. Det er første gong OBA får ein innreisande utvekslingsstudent frå eit land utanfor Norden på bachelorstudiet.

Det utøvande masterstudiet med tradisjonsmusikk som sjanger

Dei siste åra har det vore mogleg å søkje det ordinære masterstudiet i utøvande musikk ved Griegakademiet / UiB med folkemusikk som sjanger. Mathilde Skjæret (hardingfele) gjekk vidare på studiet i meldingsåret, og Vegard Hansen (toradar/trekkspel) starta opp hausten 24, etter fullført bachelorstudium på OBA. Dei følgde seminar på GA, og hadde rettleiarar på OBA og delvis GA.

Konsertar og musikkinnslag med bachelor-/masterstudentane:

- Nyårskonsert i Osasalen
- Fleire lunsjkonsertar i Voss bibliotek
- Deltaking på Landskappleiken på Gol og Landsfestivalen på Vestnes
- Innslag på opningskonsert for Griegakademiet på Kulturhuset, Bergen i august
- Konsert i Voss Sparebank og dansespel under Osafestivalen
- Spelt til dans på dansekveldar i Ungdomshallen, i regi av Voss Ungdomslag og Voss spelemannslag
- Konsert på Ljøsblått-festivalen på NMH
- Fleire konsertar for Klausabakken barnehage

Det nordiske masterstudiet i folkemusikk

I 2022 ga Griegakademiet beskjed til dei 3 andre nordiske samarbeidsinstitusjonane om at GA må revidere den norske delen av studiet Nordic Master in Folk Music. Det vart difor ikkje tatt opp studentar på den norske kvoten ved opptaket i 2023, og på det noverande kullet er det berre studentar frå dei andre institusjonane. Våren 2024 såg koordinatorane frå alle dei 4 deltakande landa at studiet som heilskap treng omarbeiding, og det vart difor vedtatt å vente med neste studentopptak til 2026. Målet med revisjonen er å gjere studiet meir attraktivt for søkjarar frå dei 4 landa/institusjonane sjølve, sidan fleire studentar enn forventa har kome fra land



Våre studantar på fyrste samling i august. Foto: Arne Anderdal

utanfor Norden dei siste åra. Håkon Asheim representerer OBA i koordinatorgruppa for studiet.

Lærarar/førelasarar på bachelor- og masterstudia

Arne Anderdal, Sigbjørn Apeland, Håkon Asheim, Arve Moen Bergset, Andreas Bjørkås, Rolv Brimi, Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Heine Bugge, Rannveig Djønne, Michael Barrett Donovan, Grete Ege, Camilla Granlien, Kari Grøslund, Knut Hamre, Hallgrim Ulvik Haug, Solveig Brekke Hauknes, Elise Hildrum, Arild Hoksnes, Simen Roheim Iversen, Jarnfrid Kjøk, Jorun Marie Kvernberg, Tellef Kvifte, Einar Olav Larsen, Jo Asgeir Lie, Kenneth Lien, Unni Løvlid, Ruth Wilhelmine Meyer, John Ole Morken, Thomas Nilssen, Bjørn Kåre Odde, Mads Erik Odde, Steinar Ofsdal, Berit Opheim, Synnøve Brøndbo Plassen, Åsmund Reistad, Stian Roland, Olav Christen Rossebø, Tom Willy Rustad, Lars Røyseng, Øyvind Sandum, Astri Sudmann, Astrid Sulheim, Gro Marie Svidal, Ingrid Standal Sørheim, Anette Thorsheim, Irene Tillung, Elisabeth Vannebo, Kjersti Vindal, Mette Vårdal, Vegar Vårdal, Espen Wensaas, Magnus Wiik, Kristian Wolski

Nordisk/baltisk folkemusikkonferanse for studantar og lærarar

Den årlege samlinga for Nordtrad-nettverket (utøvande folkemusikkutdanningar frå Norden og Baltikum) vart i 2024 arrangert av Estonian Academy of Music and Theatre i Tallinn 16.–21. april, med eit rikhaldig program av workshops, førelesingar, student- og lærarmøte, konsertar, samspelsgrupper på tvers av land og skular, og sosialt samvær med uformelt samspel og ein ekskursjon. Dei deltakande lærarane frå alle land vart òg inviterte til ei mottaking av den norske ambassaden i Tallinn. Dei fleste studentane frå OBA samt lærar Håkon Asheim var med på konferansen, og dei bidro på konsertar og workshops.

OSAFESTIVALEN

Osafestivalen feira 30 år med jubileumsfestival 25.–27. oktober 2024. På line med den nasjonale folkemusikkbølga, er festivalen inne i ein svært god stim med brei publikumsoppslutning. Programomfanget har vakse frå 18 til 56 programpostar, og festivalen har tredobla talet på frivillige i perioden 2018–2024. I 2024 kunne ein notere det nest beste billettsalet i festivalen si historie, tett opp mot fjoråret som var rekordhøgt. Ein solid treårig hovudsponsoravtale med Voss Sparebank er landa. Festivalen står støtt i den spissa profilen der tradisjonsmusikken møter og bryner seg på nærliggjande musikkformer. Samstundes har festivalen utfordra oss sjølve og teke ein meir markant posisjon som ein av dei store formidlarane i kulturregionen Vestland og nasjonalt av tradisjon-samtid-spennet i norsk folkemusikk. Det frivillige Osarådet står no verkeleg fram som eit topp kompetent arbeidslag. UngOsa fekk ny deltakarrekord, og heilårsscena Osascena har hatt eit aktivt år med 8 konsertar på ulike scener.

Organisasjon

Osafestivalen er organisert som eit velgjerande AS og er ein sjølvstendig festival med Ole Bull Akademiet som eigar. Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegrimen er arrangørar av Osafestivalen. 180 dugnadsmedarbeidarar var med på festivalavviklinga.

Styret: Jo Asgeir Lie (styreleiar), Terje Støve (vara styreleiar), Nils Bjørke (styremedlem), Sissel Lie (styremedlem), Rannveig Djønne (styremedlem). Ida Dyrkorn Heierland har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Tilsette knytte til Osafestivalen: Ida Dyrkorn Heierland (dagleg og kunstnarleg leiar) 100% og Sissel Lie (festivalsekretær) 10% er tilsette ved Ole Bull Akademiet.

Programråd: Jo Asgeir Lie (Ole Bull Akademiet), Frode Thorsen (Fakultetet for kunst, musikk og design, UiB), Alexander Aga Røyenstrand (frilans folkemusikar), Synneva Gjelland (frilans folkemusikar), Ida Dyrkorn Heierland (dagleg og kunstnarleg leiar Osafestivalen).

Kunstnarleg innhald

Osafestivalen er ein nyskapande møtestad der folkemusikken møter og bryner seg på nærliggjande musikkformer. Felles for programpostane er element av tradisjonsmusikk i ei eller anna form.

Det har no vorte eit varemerke for Osafestivalen å presentere sterke, kommuniserande soloutøvarar på stor scene i Voss idrettshall. Årets festivalopnar Knut Buen (solo hardingfele), Knut Reiersrud (solo gitar), Silje Hegg (solo seljefløyte), John Mathis Utsi (solo joik), Emma Hårdelin (solo vokal) og Kjell-Erik Eriksson (solo fele) kom alle med soloframføringar som framleis sit i kroppen.

- Stort spenn:** Frå det nære og intime (Erlend Viken trio, HansJo!, Plassen/Nordbakken/Røine, Almir Meškovič & Daniel Lazar, Sinikka Langeland & Erlend Apneseth m.fl) til større konstallasjonar (m.a. Martin Hayes, Trondheimsolistene med Gjermund Larsen, Barokksolistene, Music for a While, Triakel og Gåte). Osafestivalen og Riksscena utvikla saman ein eigen tingskonsert laurdag kveld med perler frå katalogen til det legendariske folkrockbandet Folque, som i 2024 feira 50 år sidan fyrste album.
- Osamæle og Urtonen:** Årets Osamæle var ved den verdskjende irske artisten Martin Hayes, med konsertføredraget “Interpreting melodies and finding your voice within traditional music». **Lokking** var årets urtone. Berit Opheim, Tone Hulbækmo og Synnøve B. Plassen formidla korleis kyr, geiter og sauar, ja til og med grisen har sine lokkar med ulikt uttrykk ulike stader.
- Den nye bølga:** Fleire av gruppene som representerer den nye bølga med unge utøvarar i folkemusikkmiljøet stod på programmet, m.a. Réolo, Naaljos Ljom, vokaltrioen Hekate og studentar frå folkemusikkutdanningane. Studentane ved Ole Bull Akademiet vart utfordra til å utvikle Ungdomshallen som dansearena laurdagen. Det var vellukka, og vil bli vidareført i 2025.

- **Osaseminaret:** Årets Osaseminar, «Svingande tradisjonsmusikk», vart gjennomført med god deltaking på laurdag og sundag under festivalhelga: 26 unge folkemusikarar, dei fleste frå Norges musikkhøgskole, USN Campus Rauland og talentutviklingsprogrammet (TUP) ved NMH. Instruktørar: Ingrid Fossum (langeleik), Linda Røyseth Sandhåland (vokal), Ingrid Stuhau, Håkon Asheim og Arne Anderdal (hardingfele). Seminaret fokuserte på rytmisk appell i dansemusikk. Arrangementet vart støtta av Sparebankstiftelsen DNB – Dextra Musica.
- **Osaprisen:** I samband med 30-årsjubileet til Osa-festivalen vedtok styret i Ole Bull Akademiet å dele ut Osaprisen i 2024. Prisen har blitt gjeven ut med ujamne mellomrom til personar som har brukt, henta inspirasjon frå eller fornya folkemusikken på ein framifrå måte. **Annbjørg Lien** mottok Osaprisen laurdag kveld i Voss idrettshall. Lien har sidan midten av 1980-talet vore ein svært sentral utøvar, og har opna øyrene for folkemusikken og hardingfela for eit heilt nytt publikum og ein ny generasjon. Ho har vore eit viktig førebilete for unge, særleg kvinnelege folkemusikarar.

Styrka formidling retta mot born og unge

- Samarbeidet med ungdomsklubben Gryto held fram – i år inviterte festivalen til ungdomskonserter «Hans, Jo!» med etterfølgjande jam-workshop.
- **Utøvarseminaret** med Erlend Apneseth for unge, lovande hardingfeleutøvarar (med støtte frå Sparebankstiftelsen Dextra Musica) hadde to fellessamlingar i tillegg til individuelle timar gjennom året, og vart avslutta med eit eige «førespel» på festivalprogrammet.
- Festivallaudagen strøymde store og små til torget og Kartellet sin nydelege gateproduksjon «*An dran drin drekt*», med unge, lovande dansarar frå Voss spelemannslag & Voss ungdomslag.
- Fjorårets programnykomar **Osarebus**, eit samarbeid med Borna sitt turlag på Voss vart svært godt motteken av store og små også i år. Rebusen gjekk frå Tintrabrua gjennom Prestegardsmoen og enda opp på instrumentmakarverkstaden på Voss bibliotek.
- **Instrumentmakarane** inntok Voss bibliotek festival-laudagen. Publikum fekk sjå og høyre korleis konservator Wiebke Lüders og fløytemakarar Steinar Ofsdal arbeider. Tiltaket vart gjennomført i samarbeid med Voss bibliotek og fekk svært god respons.

- **UngOsa** vart i år arrangert for niande gong under Osa-festivalen. Svært vellukka gjennomføring med 104 born og unge. 14 av desse var deltakarar frå fordjupingsprosjektet i regi av Bergen ungdomslag Ervingen. Deltakarane kom frå store delar av Vestlandet, men òg stader som Oslo, Asker og Ål. Siri Nordgård vart engasjert som ny UngOsa-sjef og Vegard Hansen i hardingfela.no var produsent på familiekonserten med alle UngOsa-deltakarane i Voss idrettshall. UngOsa fekk to nye hovudsponsorar i 2024: Voss Sparebank og Voss Veksel- og Landmandsbank.

Årets UngOsa-lærarar: *Toradar:* Amalie Kinsarvik Tvilde, Håvard Ims, Andreas Kollvangsnes. *Hardingfele:* Åslaug Timenes Bell, Steinar Rygg, Britt Pernille Frøholm, Annlaug Børsheim. *Dans:* Ådne Geicke Kolbjørnhus, Anne Marit Jota. *Song:* Lars Fivelstad Smaaberg, Elin Pehrson Grytting. *Dansespel:* Svein Laingen Kjerland

Folkedansen

Osafestivalen har vidareført satsinga på å synleggjere og leggje til rette for folkedansen i programmet. Samarbeidet med Dansenett Norge er vidareført. Dei kom med framsyninga «Brotherly». Kartellet stod for familiefamsyninga «An dran drin drekt». Fredag kveld var Folkesnurr attende med gjester, live videokunst og skattar frå samlinga: munnharpe-slåttar, kulokkar og nystev, irske Hugs og reels, indisk tabla og tunge folke-beats. Konseptet med middagsdansen i Ungdomshallen laurdagen vart vidareutvikla til folkemusikkpøbb i regi av studentane ved Ole Bull Akademiet. Eit dansekurs for nybyrjarar vart gjennomført same dag. På ettermiddagen strøymde det folk til torget for å oppleve Kartellet i møte med unge, lovande dansarar frå Voss. Laurdagdansen med Hekate, Reôlo, Gjevre/Odde/Vårdal, Skrot og Strengjarhau-gen spelemannslag slo godt an laurdag kveld.

Systerspel på reise

Vandreutstillinga Systerspel vart produsert av Osafestivalen i 2022, basert på boka «Systerspel» av Benedicte Maurseth om spelevinner. Utstillinga har vore på turné også i 2024 med visning på Rørosmuseet (første visningsperiode i 2023) og ein lang stoppestad på Hardangar folkemuseum (mai–september, med 2196 besøkande, og 415 elevar på skuleopplegg knytt til utstillinga).



Foto: Per Finne

Introfolk

Osafestivalen var også vertskap for Introfolk – eit springbrett, i regi av FolkOrg, for lovande tradisjonsutøvarar som er i startgropa av karrieren sin. Seks av dei utvalde møttest på Osafestivalen for utøvarsamling heile festivalveka og fyrste IntroFolk-konsert torsdag kveld i Osasalen.

Teknisk produksjon

Det strategiske samarbeidet med SPRiLT er halde ved like, og produksjonen i Voss idrettshall er vidareført frå etablert mal. Den tekniske og produksjonsmessige ramma er no godt befesta, og vil vere ei god kjerne å bygge vidare satsingar på.

Økonomi

Billettsalet vart det nest beste i festivalen si historie tett opp mot fjorårets rekordår. Osafestivalen mottok driftstilskot frå Norsk Kulturråd kr 750 000 (opp frå 650k i 2023), Vestland fylkeskommune 300 000 (opp frå 220k i 2023) og Voss Herad 300 000. Festivalen fekk 249 650 i tilsegn frå Sparebankstiftelsen DNB til gjennomføring av fagseminar med Dextra-utøvarar og tilhøyrande programpost under festivalen. I tillegg har festivalen støtte frå andre offentlege og private kjelder. I 2024 vart det landa ein ny, stor sponsoravtale med Voss Sparebank.

Årsrekneskapen syner eit samla resultat på kr 330 000,- for Osafestivalen AS. Fordelt på dei tre avdelingane ser det slik ut: Osafestivalen kr 305 000,- Avdeling Osascena kr 40 000,- avdeling UngOsa kr -15 000,-



Foto: Per Finne

OSASCENA

Osascena er Osafestivalen si heilårs akustiske musikkscene med fast tilhaldsstad på dei små scenene på Vossevangen. Osascena er eit samarbeidsprosjekt mellom Osafestivalen, Voss Spelemannslag og Ole Bull Akademiet, der Osafestivalen er økonomisk ansvarleg og står for den daglege drifta. Scena er ein godt etablert og velkjend kulturarena på Voss og i regionen.

Scena har hatt ei nemnd på tre personar i 2024 som har fungert som programråd og arbeidskraft til den praktiske gjennomføringa: Arne Anderdal (tilsett Ole Bull Akademiet), Lars Gjelland (repr. Voss Spelemannslag), Ida Dyrkorn Heierland (dagleg leiar Osafestivalen)

Det har vore god aktivitet på Osascena i 2024 med 8 konserter – på Tre Brør, i Ungdomshallen, i felemakarverkstaden til Sigvald Rørlien i Dyrvedalen og i Vangskyrkja.

FELEMAKARVERKSTADEN

Det har vore jamn pågang av reparasjonsarbeid, fordelt på hardingfeler, fiolar, celli, bogar, og andre strykeinstrument.

Felemakarverkstaden var representert på instrumentutstillinga som Norsk instrumentmakerforening (NIMF) arrangerte på Riksscenen under Folkelarm 2024.

Morgondagens felemakarar har hatt 4 ungdomar innom i verkstaden ein gong i veka (ein elev slutta i juni 2024 pga. flytting til annan lærestad). Målsetjinga er å få ferdig felene våren 2025.

I byrjinga av juli var det popup-verkstad på Ringve museum i Trondheim. Det var også popup-verkstad for born på biblioteket som ein del av Osafestivalen. Dette var eit svært populært tilbod!

Nye instrument har også blitt ferdigstilte. Lukas Pawelka har bygd ein kopi av ein fiolin laga av Trond Botnen frå ca. 1764. Wiebke Lüders gjorde ferdig si hardingfele nummer 7. Både instrumenta vart stilt ut under Landskappleiken, og dei vart premierte med kvar si sølvmedalje.

HARDINGFELA.NO

Hardingfela.no har i 2024 vore prega av endringar i organisasjonen. Samstundes har aktiviteten også i året som har gått vore høg. Dei viktigaste hendingane var:

- UngOsa sette deltakarrekord med 104 born og unge.
- Det vart halde 200 konsertar i juli månad i dei ulike museumstuna til Hardanger og Voss museum.
- Dei unge felemakarane i prosjektet «Morgondagens felemakarar» kjem stadig nærare målet om å ha bygd sine egne hardingfeler.

Organisering

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet. Rannveig Djonne var dagleg leiar for hardingfela.no (100 % stilling) fram til 31.08.2024. Vegard Hansen tok då over stillinga frå 01.09.2024. Magni Rosvold er fagkonsulent for dans (100 % stilling). Ho gjekk ut i permisjon hausten 2024, og Siri Nordgård kom inn i vikariat (40%) frå 01.11.2024.

Styret til hardingfela.no består av:

- Åsmund Kristiansen, direktør ved Hardanger og Voss museum
- Ingvild Hauso, styrar ved Hardanger Folkemuseum
- Jo Asgeir Lie, rektor ved Ole Bull Akademiet

Styret har sidan 01.09 gjennomført eitt møte. I tillegg har det vore to overføringsmøter med Rannveig Djonne, Magni Rosvold, Vegard Hansen og Siri Nordgård.

Dei to tilsette i hardingfela.no deltek på personalmøta på Ole Bull Akademiet og har jamlege oppdateringar saman med Hardanger Folkemuseum.

Rådet for hardingfela.no består av:

- Hordaland folkemusikklag – Per Øyvind Tveiten
- Sogn og Fjordane folkemusikklag – Knut David Hustveit
- Hordaland ungdomslag – Øystein Rambjørg
- Sogn og Fjordane ungdomslag – Olaf Skjerdal
- Førdefestivalen – Sølvi Lien
- Vestland fylkeskommune – Wenche Gausdal
- Osafestivalen – Ida Dyrkorn Heierland
- Ole Bull Akademiet – Jo Asgeir Lie
- Hardanger og Voss museum – Åsmund Kristiansen

Rådet har ikkje hatt møte i 2024.

Aktivitet (utval)

Felefyllgje: Det vart halde 200 konsertar i juli månad i dei ulike museumstuna til Hardanger og Voss museum.

Morgondagens felemakarar: Dei unge felemakarane i prosjektet «Morgondagens felemakarar» kjem stadig nærare målet om å ha bygd sine egne hardingfeler. Status per 31.12.24 er at alle instrumenta vil verte ferdigstilte i.l.a 2025. UngOsa: Her var Hardingfela.no ansvarleg for avslutningskonsert søndag under Osafestivalen. I tillegg var Hardingfela.no med på noko førearbeid i forbindelse med søknadsskriving i forkant.

ULIKE SAMARBEIDSFORA

Griegakademiet – Institutt for musikk er den institusjonen OBA har det mest omfattande samarbeidet med. Studietilboda på bachelor- og masternivå er ein viktig del av dette. I tillegg omfattar samarbeidet ei rekkje tiltak og samarbeidsformer:

- økonomisk samarbeid som gjeld fordeling av resultatbudsjett for avlagde eksamenar
- det generelle tilskotet til OBA frå UFD blir utbetalt av UiB
- kompetansevurdering av tilsette skjer gjennom UiB
- UiB er representert i styret for OBA og programråd for Osafestivalen
- felles undervisningsopplegg og seminar
- Arne Bjørndals samling ved Griegakademiet – Institutt for musikk fungerer som viktig tradisjonsarkiv og samarbeidspartnar for Ole Bull Akademiet.

Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske høgskulane som har utøvande folkemusikk på studieplanen, held fram. Den nordiske folkemusikkonferansen til Nordtrad – The Higher Education Network of Traditional Music – vart i 2024 arrangert av Estonian Academy of Music and Theatre i Tallinn (sjå eigen omtale over).

Sidan 2009 har Griegakademiet og OBA vore med i mastergradsamarbeid med tre av Nordtrad-institusjonane (sjå eigen omtale over). Hausten 2022 ga Griegakademiet beskjed til dei nordiske samarbeidsinstitusjonane om at GA må revidere den norske delen av dette masterstudiet, og det vart difor ikkje tatt opp studentar på den norske kvoten i 2023. Våren 2024 såg koordinatorane frå alle dei 4 deltakande landa at studiet som heilskap treng omarbeiding, og det vart difor vedtatt å vente med neste studentopptak til 2026.

Voss Spelemannslag er fast musikalsk bidragsytar på kursa, og leiger i tillegg øvingslokale av Kringsjø AS.

Akademiet samarbeider med Liv Bernhoft Osa og Per Gørvell, eigarane av kunstnarheimen Sævelid, om bruk av konsertsalen i samband med kurs og som konsertarena under Osafestivalen. Vi har også samarbeid med Voss Folkemuseum om omvisning for studentane våre på museet. Med Voss Bibliotek samarbeider vi om ein serie lunsjkonsertar med studentane våre i biblioteket.

GJESTEFØRELESINGAR, KONSERTAR, STUDIETURAR, REPRESENTASJON I 2024

Jo Asgeir Lie

- er OBA sin representant i styret for Hardingfela.no
- er styremedlem i Dextra Musica
- er styremedlem i Stiftelsen Lillehammer Museum
- er styremedlem i Kulturrom
- har, saman med Håkon Asheim, vore ein av hovudlærarane i valemnet Folkemusikkutøving ved Griegakademiet
- saman med Håkon Asheim, delteke i fleire møte i forskingsgruppa GAFFI med fagleg tilsette ved Griegakademiet og OBA
- har halde førelesingar om samspel og arrangering i norsk folkemusikk for bachelorstudentane ved Ole Bull Akademiet
- var med i ekstern bedømmingskommisjon for dei utøvande musikkstudia på bachelornivå ved Göteborgs Universitet
- har vore hovudinstrumentlærar for to bachelorstudentar i 2024
- sat i panelet under debatten om Tono og folkemusikken under Folkelarm 2024
- sit i valnemndene for Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans og for Vossa Jazz
- har hatt eit aktivt kunstnarisk år, med 75 konsertar og konsertføredrag
 - komponerte musikken, og var kapellmeister for *Stavkyrkja – ein folkemusikal*, Leveld teaterlag/ Sprang/ Ål kulturhus
 - har saman med Kvarts spela ei rekkje konsertar, mellom anna under Nygaard-festivalen 2024
 - konsertar og plateinnspeling med Signe Lygre Førre kvartett
 - konsertar med Arne Anderdal, Eldbjørg og Ragnhild Hemsing, Bjørn Kåre Odde og Sivert Holmen m.fl.
 - har spela fem *folkemusikkgudstenester* i Ål kyrkje
- fekk, saman med Kvarts, Folkelarmprisen i klassen dansemusikk for albumet *Til dans*

Håkon Asheim

- Som OBA sin representant i koordinatorgruppa for studiet Nordic Master in Folk Music (NoFo) deltok han i fleire koordinatormøte, og sat i eksamenskomité for studiet i mai og november. I samarbeid med Griegakademiet heldt han også fram med å revidere GA/OBA sin studieplan for NoFo, og i haustsemesteret starta koordinatorgruppa arbeidet med evaluering og revisjon av studiet som heilskap ved alle 4 deltakande institusjonar.
- Sat som fast medlem i programstyret for dei utøvande bachelor- og masterprogramma ved Griegakademiet, som studietilboda våre høyrer inn under
- saman med Jo Asgeir Lie, deltok i fleire møte i forskingsgruppa GAFFI med fagleg tilsette ved Griegakademiet og OBA
- Saman med Jo Asgeir Lie og Silje Solberg, organiserte og underviste i valemnet Folkemusikkutøving på Griegakademiet, som OBA har laga fagplan for. 9 studentar fullførte emnet våren 2024, og 16 nye studentar starta opp om hausten. Dette er ny rekord, og faget har vorte eit av dei mest populære valemna på GA.
- Heldt workshop og spelte på lærarkonsert under Nordtrad-konferansen i Tallinn i april
- spelte på Jo Asgeir Lie si folkemusikkmesse i Vangskyrkja i april
- saman med utvekslingsstudent Rachel Harrower og alumn Silje Solberg, spelte på maratonkonsert i Grieghallens foajé under Festspela i høve 50 års jubileum for Stikk Innom-konsertane til Griegakademiet
- saman med Jo Asgeir Lie, deltok i panelsamtale om folkemusikkutdanning under Norsk Folkemusikklags seminar på NMH i november
- deltok på 500 års jubileumskonsert for den eldste langeleiken på Riksscenen i november, i regi av alumn Ingrid Lingaas Fossum
- Arbeidde vidare med bok om Sigvald Rørlien for å dokumentere hans måte å byggje hardingfeler på. Mesteparten av boka føreligg det no utkast til, og det er lagt inn mange foto tekne av Wiebke Lüders og Arne Anderdal, og teikningar av førstnemnde.
- hadde fleire oppdrag som ekstern sensor, muskar og dansespelemann

Arne Anderdal

- fekk Vestland Fylkeskommune sitt folkemusikkstipend for 2024
- heldt helgekurs på nett for Hardanger Fiddle Association of America
- har vitja alle 5. klassar på Voss gjennom Den kulturelle skulesekken, med folkedans/folkemusikk saman med danseinstruktøren Astri Sudman
- er musikalsk leiar og styreleiar i Voss Spelemannslag
- spela konsertar saman med Jo Asgeir Lie på Folkemusikkveka på Ål, Nes, Flå, Oslo og Gol
- skreiv artikkel om Jostein Mæland i Gamalt frå Voss, kulturhistorisk årbok
- hadde «stikk innom-kurs» i folkedans under Osafestivalen
- mange speleoppdrag gjennom året både som solist og saman med andre musikarar, solokonsert på Regndans-festivalen i Samnanger, konsert på Columbi Egg og Osascena med gruppa Godsruta
- var sensor på skriftleg eksamen våren og på praktisk eksamen desember for fyrsteårstudentane på Universitetet i Sørøst-Norge
- sit i styringsgruppa for Osascena, samarbeid mellom Osafestivalen og Voss Spelemannslag om konsertar året rundt på Voss

Wiebke Lüders

- hadde pop-up verkstad på Ringve museum og under Osafestivalen 2024
- gjennomførte ettersyn og vedlikehald av hardingfeler i samlinga til Dextra Musica
- har hatt undervisning på Morgondagens felemakarar-prosjektet
- fekk sølvmedalje for ei nybygd hardingfele på instrumentutstillinga under Landskappleiken 2024

Lukas Pawelka

- har gjort ferdig ein kopi av ein fiolin laga av Trond Botnen (forskningsprosjekt som omfattar teknisk teikning og bygging)
- fekk sølvmedalje for fiolinen på instrumentutstillinga under Landskappleiken 2024
- deltok på seminar i regi av Norsk instrumentmakerforening (NIMF)
- har fått bestilling på to hardingfeler i ¾-storleik frå Laust og Fast Spelemannslag

- har brukt CNC-fres på forskjellige prosjekt (m.a. for å lage gripebrett og strengehaldarar)

Vegar Vårdal

- driv «Kultivator», eit firma som held på med kulturproduksjon, saman med kona Mette Vårdal
- har òg i løpet av året bygd eit hus i hagen, «Kulturhuset», som vil ta i mot kunstnarar som vil jobbe fram nye produksjonar
- Hadde premiere på «Folkemusikk i Vesterled» der Vegar har arrangert slåttar frå Færøyene, Island, Shetland, Orknøyene og Norge for strykeorkester. Prosjektet har hatt framsyningar og konsertar på Orknøyene, Farsund Folk Festival og på Sentralen i Oslo.
- turnert for Den Kulturelle Skulesekken med «Setesdalsfolk» og «Lyd på papir»
- vore mentor i «FolkleiarUng» i regi av FolkOrg, der og studentar frå Ole Bull deltek
- mykje brukt som kursleiar i både folkedans og folkemusikk, på plassar som Strunkeveko, Riksscenen, Leikarringen i BUL i Oslo og kurs i regi av Noregs Ungdomslag og FolkOrg
- mykje brukt som komponist og arrangør, og fått stipend for dette frå Tono og Komponistfondene
- stipend frå Fond For Utøvende Kunstnere for å jobbe vidare med sin eigen turnerande musikalske karriere
- Vore både muskar og produsent på til saman 7 plater i 2024. To produksjonar som spesielt bør nemnast var produsentansvaret på albuma «Eit halvt årtusen» med tidlegare student Ingrid Lingaas Fossum, og albumet «I stugun» med studentane Vegard Hansen & Ragna Valde Sletten
- muskar på juleplata «Yule» med Trio Mediæval, som har fått mykje internasjonal omtale
- muskar på juleplata «Juletide» med gruppa Barokk Boreal.
- Er med i fleire aktive grupper som har turnert en del i 2024. Spesielt høg aktivitet med gruppa Gjevre, Odde & Vårdal, men vil også trekke frem Barokk Boreal og Folk Chamber
- er medlem i nemnda «Turné- og virksomhetstilskudd for musikere, artister, ensembler og band» i Kulturdirektoratet
- I tillegg til Ole Bull Akademiet har Vegar ei lita stilling som pedagog på Norges Musikkhøgskule og Toneheim Folkehøgskule.

Tom Willy Rustad

Publikasjoner

- *Den norske cisteren, eit revitaliseringsprosjekt*. Fagfelleverdert vitenskapleg artikkel i Musikk og Tradisjon 2024
- *The Norwegian Hardanger Lute*. Hardingfelemusikk frå Hardanger og Voss spelt på hardinglutt, eit instrument som er det fyrste i sitt slag – laga av Lars Tørressen og Lukas Pawelka, sistnemnde tilsett ved Ole Bull Akademiet. Digital lydpublikasjon som vart tilgjengeleg 26. januar mellom anna på strømmetenesta Spotify

Foredrag, kurs og radioprogram

- Foredrag om den norske munnharpa og framføringsspraksis. Nettforedrag organisert av Klas Edholm 1. februar
- Foredragshaldar i høve FolkOrgs domarkurs på Riksscena i Oslo 1.–3. mars
- Konsertforedrag for regjeringas NOU-utval i tradisjonskultur og den immaterielle kulturarven på Rudi den 12. mars
- «På reinlendersafari med Tom W. Rustad». Radioprogram i Folkemusikktimen NRK om historia til gamaldansen i Noreg, fyrste gong sendt 19. mai
- Konsertforedrag om cisteren i Noreg ved Lillehammer Museum 22. mai
- Foredrag om lokking, arrangert av Gudbrandsdalsmusea, Lesja Bygdetun 14. september.
- Foredrag om folkemusikkstudia i Noreg, i regi av Norsk Folkemusikklag som var arrangør, Norges Musikkhøgskole 13. november
- deltakar i ein paneldebatt om hardingfeleopplæringa i Noreg. NFL var arrangør og debatten var på Riksscena i Oslo 14. november

Konsertar

- Konsertar med Kvarts
- Solokonsert på Riksscena 13. april
- Solokonsert på Lesja, arrangert av Gudbrandsdalsmusea avd. Lesja Bygdetun 17. august
- Konsert med Åshild B. Nyhus på Rudi 24. august
- Konsertar for 200 born under Vikingdagane på Dale Gudbrands, Hundorp 12–13. september
- To konsertar med Kvarts, Henning Kvitnes, Iren Reppen og Synnøve B. Plassen i høve jubileumshelg på Rudi gard 22–23. november

Andre kulturelle aktivitetar og merkedagar

- arrangerte folkemusikkmesse i Sør-Fron kyrkje i høve Olsokmesse 29. juli
- *Musikk i livets haust* er eit prosjekt produsert av Musikk i Innlandet. Her vart det spelt musikk som eg har komponert og arrangert, framført av blant anna vokalgruppa *Pust*, Sveinung Lilleheier og Ingrid Fossum 29. okt.–2. november.
- Kvarts vann *Folkelarmprisen* for beste dansemusikkplate under Folkelarm 16. november

HEIMESIDE

På heimesida www.olebull.no finst informasjon og timeplanar for kurs og annan studieinformasjon. I tillegg inneheld sida informasjon om Ole Bull Akademiet og Kringsjå AS. Felemakarverkstaden har i tillegg eiga heimeside www.felemakeriet.no.

ARBEIDSMILJØ, SJUKEFRÅVER

Styret reknar arbeidsmiljøet i stiftinga som tilfredsstillande. Det har ikkje vore sett i verk spesielle tiltak i driftsåret. Ein har ikkje registrert skadar eller ulykker hjå dei tilsette i driftsåret.

LIKESTILLING

Det er i meldingsåret 6 kvinner og 8 menn tilsett ved Ole Bull Akademiet.

ANDRE TILHØVE

Styret har ikkje kjennskap til at stiftelsen er involvert i verksemd som medfører forureining av det ytre miljøet.

Voss, den 28. februar 2025
I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Terje Støve
styreleiar

Iril Schau Johansen
nestleiar

Frode Thorsen
styremedlem

Solbjørg Tveiten
styremedlem

Tonje Såkvitne
styremedlem

Håkon Asheim
styremedlem

Magne Espeland
styremedlem

Resultatrekneskap			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
Driftsinntekter	Note	2024	2023
Inntekt av kursopphald		500 300	485 496
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	125 000
Tilskot frå fylke		356 375	325 000
Tilskot frå UFD		3 070 000	2 922 000
Tilskot frå Kulturdirektoratet		6 990 000	6 745 000
Diverse inntekter, tilskot, gaver		1 346 543	1 498 239
Sum driftsinntekter		12 388 218	12 100 735
Honorar innleigde tjenester	1	1 366 869	1 392 995
Lønn, feriepengar	1	5 215 235	5 456 021
Arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, andre ytingar	1	1 393 631	1 542 627
Avskrivningar	2	37 711	53 249
Nedskriving av anleggsmidler		0	135 000
Husleiga		2 121 500	2 090 800
Læremidler, utstyr		62 928	49 406
Honorar rekneskap, revisjon		229 796	174 499
Kontorrekvisita, telefon, porto		128 020	121 822
Litteratur, musikk, instrument		18 706	11 789
Reise-, møtekostnader og opphaldskostnader		1 547 979	1 223 391
Bil- og diettgodtgjersle		27 891	30 164
Annan driftskostnad		49 866	139 037
Sum driftskostnader	3	12 200 132	12 420 801
Driftsresultat		188 086	-320 066
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		91 137	24 386
Annen finansinntekt		10 148	9 611
Rentekostnader		0	194
Annan finanskostnad		84	0
Sum finansinntekter		101 201	33 803
Årsresultat	4	289 287	-286 262
Overføring			
Avsett til annan egenkapital		289 287	0
Overført frå annan egenkapital		0	-286 262
Sum overføringar		289 287	-286 262
Stiftelsen Ole Bull Akademiet		Side 1	

Balanse

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Eigedelar	Note	2024	2023
Anleggsmiddel			
Bilete-, bok- og notesamling		7 140	7 140
Instrument	2	33 001	24 001
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	25 000	57 000
Sum anleggsmidlar		<u>65 141</u>	<u>88 141</u>
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	5	6 000 000	6 000 000
Innskotsfond/premiefond		59 842	813
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>6 059 842</u>	<u>6 000 813</u>
Sum anleggsmidlar		<u>6 124 983</u>	<u>6 088 954</u>
Omløpsmiddel			
Kundekrav	6	336 075	108 761
Andre kortsiktige krav	7	335 450	588 769
Bankinnskot	8	1 482 449	1 614 010
Sum omløpsmiddel		<u>2 153 973</u>	<u>2 311 540</u>
Sum eigedelar		<u>8 278 956</u>	<u>8 400 493</u>

Balanse			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
Eigenkapital og gjeld	Note	2024	2023
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		501 427	501 427
Sum innskoten eigenkapital		501 427	501 427
Opptjent eigenkapital			
Annan eigenkapital		6 190 524	5 901 237
Sum opptent eigenkapital		6 190 524	5 901 237
Sum eigenkapital	4	6 691 951	6 402 664
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		126 361	388 856
Skuldig skattetrekk		233 423	264 095
Skuldig arbeidsgjevaravgift		244 370	275 157
Skuldig feriepengar og lønn		672 860	667 061
Anna kortsiktig gjeld		309 991	402 660
Sum kortsiktig gjeld		1 587 005	1 997 829
Sum gjeld		1 587 005	1 997 829
Sum gjeld og eigenkapital		8 278 956	8 400 493
Voss, 04.03.2025			
Styret i Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
Terje Støve styreleiar	Iril Schau Johansen nestleiar	Frode Thorsen styremedlem	
Magne Espeland styremedlem	Håkon Asheim styremedlem	Jo Asgeir Lie dagleg leiar	
	Tonje Såkvitne styremedlem		
Stiftelsen Ole Bull Akademiet		Side 3	

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2024

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsett og periodiserte i samsvar med bestemmingane i rekneskapsloven og reglane som fylgjer av god rekneskapsskikk.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, og fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er medteke som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperioden er ført opp som langsiktig gjeld. Alle fordringar og all gjeld tilknytt varekretsløpet er klassifisert som kortsiktige postar uavhengig av forfallstid.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler blir vurdert til anskaffingskost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive etter forventa økonomisk levetid. Anleggsmidlane blir nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetningar blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kostpris etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er berekna på grunnlag av kostpris og antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for vurdert avsetjing til forventa tap.

Aksjar

Aksjar er ført opp i rekneskapen til kostpris. I tilfelle verkeleg verdi er lågare enn kostpris - og dette ikkje er av forbigåande karakter, er det føreteke nedskriving.

Skatt

Selskapet er skattefri institusjon etter skatteloven.

Driftsinntekter og driftskostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. i same periode som tilhøyrande inntekter blir tatt til inntekt.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2024

Note 1 Lønskostnader

Lønskostnader	2024	2023
Honorar innleigde tenester	1 366 869	1 392 995
Lønn, feriepengar	4 925 642	5 401 944
Arbeidsgjevaravgift	914 416	975 609
Pensjonskostnader	374 701	488 773
Andre ytingar	104 515	78 245
Sum lønskostnader og ytingar	7 686 142	8 337 566

Årsverk

Stiftelsen har i 2024 sysselsett 10 årsverk.

Note 2 Anleggsmiddel

	Driftslausøyre, inventar ol	Instrument	Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.24	497 353	414 368	911 721
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel		14 711	14 711
= Innkjøpskostnad 31.12.24	497 353	429 079	926 432
Akkumulerte avskrivningar 31.12.24	472 353	396 078	868 431
= Bokført verdi 31.12.24	25 000	33 001	58 001
Ordinære avskrivningar dette året	32 000	5 711	37 711
Økonomisk levetid	4-10 år	8-10 år	

Note 3 Endring i samanliknbare tal forrige år.

I årsrekneskapen for 2023 vart refusjonar i samband med kostnadsdeling med dotterselskap synt som eiga linje under driftskostnader "Utdelingar" kr 1 152 974. Motposter var personalkostnader. Aktuelle beløpet er i fjorårstala til resultatrekneskapen tilbakeført til respektive konti under personalkostnader. Endringen medfører ikkje noko endring i fjorårets resultat.

Note 4 Eigenkapital

	Innskoten kapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital Per 01.01.2024	501 427	5 901 237	6 402 664
Årets resultat		289 287	289 287
Per 31.12.2024	501 427	6 190 524	6 691 951

Stiftelsen Ole Bull Akademiet
NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2024
Note 5 Datterselskap

Stiftelsen eig 100% av aksjane i Kringsjå AS og Osafestivalen AS

Kringsjå AS eig egedomen som stiftelsen nyttar . Stiftelsen har i året betalt husleige til Kringsjå AS med kr 2 090 000 . Husleiga er basert på vanlege forretningsmessige prinsipp. Stiftelsen har tillegg kjøpt tjenester fra Kringsjå AS knytta til opphold for studentar og kursdeltakar.

Aktivitetane i Osafestivalen AS er nært knytta til stiftelsen si primære verksemd. Stiftelsen dekker på dette grunnlag deler av festivalen sine kostnader til drift.

Note 6 Kundekrav

	2024	2023
Kundefordringar	336 075	108 761
Avsetning til tap på fordringar	0	0
Sum	336 075	108 761

Note 7 Mellomvære med datterselskap

Fordringar pr. 31.12.	2024	2023
Kringsjå AS	279 753	526 646
Osafestivalen AS	0	0
Sum fordringer	279 753	526 646

Note 8 Bankinnskott

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) utgjer kr. 233 423 pr. 31.12

Samla bankinnskott pr.31.12 som er Stiftelsen Ole Bull Akademiet sine egne midlar ugjer kr. 1 482 449

Styret i Stiftelsen Ole Bull Akademiet forvaltar i tillegg desse fonda:

Fond	2024	2023
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	107 774	128 158
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	40 510	39 292
Liv og Knut Klemmetsens fond	13 140	12 745
Sum	161 424	180 195

Tilsvarande beløp er sett av som gjeld i balansen pr 31.12.



OLE BULL AKADEMIET

Boks 443, 5703 Voss

Tlf: 56 51 65 00

E-post: oba@olebull.no • www.olebull.no